

DÅPSLYSET

NAMNET TIL BARNET

DATO FOR DÅP

Dette dåpslyset er ei gåve frå kyrkjelyden til dåpsbarnet på dåpsdagen. Dei tolv symbola er meint å brenne kvart år på dåpsdagen, til barnet er tolv år.

Vi har prøvd å knyte nokre ord til kvart symbol. Håper de får glede av lyset.

Helsing

DØYPEFONTEN
Lyset blir tent første gong når barnet blir døypt. Dåpsbarnet blir Guds barn i dåpen.


KROSSEN
Jesus døydde på krossen for menneska si skuld. Difor kan vi vera Guds barn.

LYSET
Jesus seier: Eg er lyset i verda. (Joh 8,12)

KYRKJA
I kyrkja kan barn, unge og gamle vera saman, og saman med Jesus.

BEDANDE HENDER
Bøn er å snakka med Gud. Vi kan snakka med Gud om alle ting.

KALKEN
Vinen i nattverden er Jesu blod. Gjennom brødet og vinen får vi fellesskap med Jesus.



VINTREET
Jesus seier: Eg er vintreet, de er greinene. (Joh 15,5)

BIBELEN
Bibelen er Guds ord til menneska. Mennesket lever ikkje av brød åleine, men av kvart ord som går ut frå Guds munn. (Matt 4,4)

DEN OPNE DØRA
Den opne døra fortel oss at vi alltid er velkomne attende til Jesus.

ENGELEN
Engelen er eit bilete på at Gud alltid passar på oss. Vi seier ofte at han sender englevakt.

BRØDET
Brødet vi får i nattverden er Jesu kropp.

DEN HEILAGE ANDE
Jesus lova oss at vi ikkje skulle vera att her på jorda som foreldreause born. Difor har vi fått Den Heilage Ande.